



Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Kulturavdelinga
Prestebøen 8, Pb. 173
6801 FØRDE

Dykkar ref.: Gloppen k., Breim kraftverk

Vår ref. 11/0415/470 M

Bergen, 19.05. 2011

Vedr. Høyring av søknad med konsekvensutgreiing for Breim kraftverk i Gloppen kommune, Sogn og Fjordane fylke. Forholdet til marine kulturminne.

Me viser til brev frå NVE, dagsett 11.04. 2011.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. På grunn av Breimsvatnet si lange historie som ferdsleåre, er det generelt eit potensial for kulturminne under vatn i området, til dømes restar av båtar, skip og lausfunn.

Det nemnes eit mogleg massedeponi i Breimsvatnet, men me kan ikkje sjå at denne er kartfesta. Museet oppmodar tiltakshavar evt ved ansvarleg planleggjar, om å sende oss den konkrete planen for dette arealinnngrepet. Fylling av massar i sjø skal føreleggast kulturminnemynda, jfr. Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne, §§ 9 og 14.

Søknaden syner avgrensa tiltak i sjø og elv i samband med kraftstasjon og røyr, og museet har difor ingen merknader til desse delane av planen.

Venleg helsing
for STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

Elling Utvik Wammer
Saksbehandlar marinarkeologi

Direkte telefon: 55549604.

E-postadresse: marinarkeologi@bsj.uib.no

Kopi til: NVE-Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 OSLO (Dykkar ref.: NVE 200901128-54 kv/jaso)